

# Felles brukarutval

for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

## Årsmelding 2022



Brucarutvalet har rett til å få sine syn framlagt for dialogmøte, koordineringsrådet, KS Sogn og Fjordane og styret i Helse Førde HF. Utvalet skal ha høve til å møte minst ein gong i året i kvar av desse organa.

**Helse Førde**

**Sogn og Fjordane**

## Forord

**Brukarutvalet (FBU)** er eit felles utval for Helse Førde og kommunane i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Samansetjing av utvalet og mandat er regulert i eigne retningslinjer vedtekne av Strategisk samarbeidsutval, som etter at administrerande direktør i Helse Førde har innstilt til verva som leiar og nestleiar, oppnemner medlemmar til felles brukarutval.

Brukarutvalet er eit rådgjevande organ for administrasjonen og styret i Helse Førde, kommunane og andre instansar. Utvalet skal sjå til at brukarmedverknaden vert ivareteken i høve samarbeidstiltak eller område som omfattar fleire kommunar og Helse Førde. Det er ei viktig målsetting at kunnskapen til brukarane vert nytta som grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenester i Sogn og Fjordane.

Gjennom driftsåret 2022 har felles brukarutval hatt slik samansetting;

<b>Brukarrepresentant</b>	<b>Organisasjon</b>	
Eiliv K. Berdal	Pensjonistforbundet	Leiar
Eystein Udberg	Rusettervernet	
Arne Hovland	FFO /HLF	
Marita Aarvik	FFO /LHL	Nestleiar frå april
Liv Stenbakk Krognæs	FFO /LPP	
Øystein Ryningen	FFO Norsk Revmatikerforbund	
Stein Erik Øvrebø	SAFO/ NFU	
Frida Galaasen	SAFO NFU/NHF	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Kristoffer Skjolden	Fylkeskommunalt elderåd	Til juli
Harald Ekroll	Fylkeskommunalt elderåd	Frå august
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	
Elin Therese Sørbotten	Interkommunal samhandlingskoordinator	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør Helse Førde	
<b>Varamedlemmar</b>		
Solfrid Fossberg	Pensjonistforbundet	
Cindy Litlabø	Kreftforeningen	
Michael Milde	Norges Blindeforbund	
Ruth Berit Garfors	FFO /LPP	
Jan Tore Odd	FFO /LHL	
Gro Indrebø	Mental Helse	
Aud Karin Netland	Fylkeskommunalt elderåd	Frå august

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes Organisasjoner

Sekretær/tilretteleggjar for utvalet: Administrasjonsrådgjevar Randi Holsen Solheim – Helse Førde

## **Aktivitet:**

Felles brukarutval i Sogn og Fjordane har gjennom driftsåret vore samla til 6 utvalsmøter.

Som for fjoråret har covid-19-pandemien også i dette driftsåret skapt utfordringar for møteverksemda. Gjennom digitale løysingar har det likevel lukkast å samle medlemmane til felles problemløysing av store og mindre saker. Sentralt i tema og møtestruktur vart det rundt årskiftet utarbeidd handlingsplan og årshjul for 2022, noko som igjen dannar utgangspunkt for denne årsrapporteringa.

På utvalsmøta, som i stor grad har vore fulltallige, har utvalet handsama 39 saker. Som gjentakande orienteringspost har vi fått presentert aktuelt nytt frå administrasjonen i HFD og frå interkommunal samhandlingskoordinator. Desse orienteringane og dialogen mellom FBU-medlemmane og partnerskaps-representantane er eit sentralt element for å gje FBU innsyn i arbeidet både i helseføretaket og kommunesektoren, og om samhandlinga mellom desse partnerane. På kvart møte er det også prioritert tid i open post der utvalsmedlemene orienterer kvarandre om tidsaktuelle saker. Under open post blir det vidare drøfta kven frå FBU som skal representere utvalet i ulike råd, utval og prosjekt.

Det vart i 2022 arrangert to leiarsamlingar for leiarane og nestleiarane i brukarutvala i Helse Vest.

Fellessamling med brukarutvala i Helse Vest var også i år lokalisert på Flesland, og pga uføresette årsaker deltok berre fem utvalsrepresentantane frå FBU. Nestleiar Årvik presenterte utvalet på ein god og ryddig måte.

På samlinga vart vi gjort kjende med pågåande internrevisjon av brukarmedverknad i helseføretaka. Målsetjinga med revisjonen er å kartleggje omfanget av uønskt variasjon i brukarmedverknad på systemnivå. Følgande problemstillingar var i fokus:

- Har helseføretaka lagt til rette for god brukarmedverknad gjennom formålstenleg verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll - og korleis er dette operasjonalisert?
- Kva rutinar har føretaka for brukarmedverknad på systemnivå?
- I kva høve nyttar ein brukarutvala?
- Kva tiltak har ein for å sikre brukarmedverknad?

Elles gav Trude Hjortland oss ein gjennomgang av prosjektet “Betre brukarmedverknad” i Helse Bergen, og vi fekk innsyn i ei sak om «Likeverd i helsetenesta» som det regionale brukarutvalet har jobba med ei tid. Forsamling vart inviterte til å delta i diskusjonen om på kva måte, i kva fora og korleis vi i fellesskap kan bidra til at utsette pasientgrupper får betre opplevingar i møte med spesialisthelsetenesta?

## **Aktuelle saker som utvalet har fått orientering om og handsama:**

På møta i brukarutvalet har det vore tradisjon med aktuelle temaorienteringar. Slike orienteringar er dels initiert gjennom FBU sin eigen handlingsplan og dels av administrasjonen, fagavdelingane i føretaket og frå kommunane.

## **I 2022 har vi hatt desse orienteringane:**

- Kliniske studier i brukarutvala
- Økonomi HFD - årsbudsjett og langtidsbudsjett
- Strategisk forskingsorgan i kommunane
- Utviklingsplanen – FBU med eiga høyringsuttale
- Organisering av helsetenestene i Kinn kommune – særskild om «koordinerande eining»

- Informasjon om Eldrerådet og kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Kinn kommune
  - Likeverdige helsetenester uansett kvar ein bur»
  - Statusorientering Nye Førde sjukehus - orientering om framdrifta av byggeprosjektet med med vektlegging av brukarfokuset
  - Arbeidet i klinisk etisk komite med føredrag om etikk og etisk refleksjon i helsetenesta
  - Pasientreiser - endringar i drosjeregulativet og utfordringar for drosjenæringa i området vårt
  - Oppdragsdokumentet HFD
  - Sogn og Fjordane helsefellesskap
  - Prosjekt heimesjukehus for barn og unge
  - Status om arbeid i digitaliseringsavdelinga HFD
- 

**Møtet med styret i Helse Førde** hadde i 2022 fokus på desse sakene:

SAK 1: Den økonomiske situasjonen og konsekvensar for tenestetilbodet

SAK 2: Pasientar med utviklingshemming og deira møte med spesialisthelsetenesta

SAK 3: Opptappingsplan for psykisk helse – fokus på barn og unge

SAK 4: Oppfølging av punkt frå førre fellesmøte 29.10.2021

Som observatør med tale- og forslagsrett har leiar Eiliv Berdal, eller nestleiar elles gjennom året delteke på styreseminar og styremøter.

### **Deltaking i prosjekt, råd og utval**

Generelt arbeider FBU ut frå målet om at brukarkunnskapen vert nytta som grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenester i Sogn og Fjordane. Det viktigaste verkemiddelet her er utvalsmedlemene si deltaking i ulike prosjekt, råd og utval noko som er omfattande og elles vert synleggjort i oversikta nedanfor.

FBU har i 2022 utnemnd representantar til 50 - 55 ulike prosjekt, råd og utval. Dette talet varierer litt ettersom nokre prosjekt blir avslutta og nokre nye kjem til i løpet av året. Det vert vurdert at ein gjennom denne deltakinga får best innsyn i helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane - og at det er her ein har den beste arena for å få fram brukarperspektivet. Som fjoråret har også dette året vore prega av pandemisituasjonen, og ei rekke møter har vore arrangert digitalt. Vi har ikkje ei nøyaktig registrering av talet på prosjektmøte som FBU har delteke i, men ei grov – og forsiktig vurdering vil tilseie at medlemmer i utvalet har delteke i ca 200 møter, av desse har nok meir enn halvparten med digital gjennomføring. Av dei største og mest arbeidskrevjande utvala som medlemmer av FBU har delteke vil vi nemne:

### **Samhandlingsfora mellom Helse Førde og kommunane:**

- Møteforum i Sogn og Fjordane helsefellesskap – fagleg og strategisk samarbeidsutval
- Skriftleg bidrag til Samhandlingsnytt

### **Nye Førde sjukehus**

- Styringsgruppa for Nye Førde sjukehus

- Prosjektgruppa for Livabygget og ombygging av Svanabygget.
- Deltaking utvida prosjektgruppe for Livabygget
- Deltaking i undergrupper som ser på ulike løysingar på avdelingsnivå om planlegging av foaje og mottaksareal, kvinne/barn avdeling, sengepostar, pasienthotell m.m.

### **Evaluering av prosjektdeltaking**

Også i 2022 distribuerte leiar eit spørjeskjema til brukarrepresentantane om deira oppleving av deltaking i prosjekt og råd. Skjemadet fokuserte på reell medverknad, gjensidig respekt og likeverdig kommunikasjon. Innanfor somatikk var tilbakemeldingane eintydig positive på alle desse punkta. For råd og utval innanfor psykiatrien var tilbakemeldingane litt meir reserverte. Dette er også delvis bakgrunnen for at vi har sett brukarrepresentasjon innanfor psykiatrien på agendaen i møte med styret i Helse Førde.

Prosessen med evaluering av eiga verksemd, samt dei lokale retningslinjene har vore gjenstand for diskusjon i utvalet gjennom dei siste månadane, og på siste møtet i funksjonsperioden vart reviderte retningslinjer vedtekne.

Pandemien har gitt oss erfaring med bruk av digitale møte. Sjølv om fysiske møte bør vere den primære møteforma er det heilt klar av mange møte, særleg korte møte, møte med få deltakarar og få saker på sakskartet med fordel kan haldast digitalt og bør kunne brukast oftare.

Med 12 medlemmer i utvalet og 7 varamedlemmer kan det vere både belastande og vanskeleg å finne deltakarar innanfor utvalet til alle prosjekt, råd,m.m. Utvalet har difor til nokre prosjekt utnemnd brukarrepresentantar utanom utvalet. Ein har da særleg lagt vekt på brukar- og efaringskompetanse.

### **Deltaking i andre møte, konferansar,innspel og liknande.**

- Brukarutvalet la ned ein del arbeid i utarbeiding av høyringsfråsegna til «Utvklingsplanen for Helse Førde». Der positivt for utvalet at denne fråsegna har fått ei god oppfølging i Helse Førde-organisasjonen.
- Leiaren hadde videoinnlegg om «Brukarane sine forventningar til helsefellesskapet» i KS-konferansen om «Erfaringsssamling for samhandlingsansvarlege i helsefellesskap 25-26. august 2022 i Bodø»
- Leiaren hadde også eit innlegg om «Helseutfordringar sett frå ein brukarsynstad» på Kvalitetskonferansen i Førde i haust
- Marita Aarvik var FBU sin utsending til Rehabiliteringskonferansen 2022, samt deltok på kurs over 3 dagar om brukarmedverknad i forskning på Haukeland i saman med Cindy Litlabø
- Ruth Berit Garfors deltok på konferanse i Bergen om opptrappingsplan for psykisk helse
- Fleire av representantane deltok på dei lokale samarbeidskonferansane mellom HFD og kommunane - Erfaringskonferansen og Samhandlingskonferansen
- Synnøve Solhaugen Engen hadde innlegg om verdien av god kommunikasjon på Samhandlingskonferansen

### **Rekneskapen 2022:**

I høve til godkjend årsbudsjett på 494.000NOK, har det vore eit vesentleg mindreforbuk gjennom driftsåret. Avslutta rekneskap syner forbruk stort 342.912 NOK. Den hovudsaklege grunnen til dette mindreforbruket er knytta til timehonorering av digital møtedeltaking, og det faktum at slike møter som oftast har eit vesentleg kortare tidsperspektiv enn fysiske møter.

ManedNavn	Januar 2022	Februar 2022	Mars 2022	April 2022	Mai 2022	Juni 2022	Juli 2022	August 2022	September 2022	Oktober 2022	November 2022	Desember 2022	Totalsum *
												556	556
	11 590	13 540	17 150	26 000	13 525	4 970	27 880	850	11 135	12 920	32 210	31 205	202 975
				2 325					310	775	1 900	45 000	50 310
	1 706	1 962	2 531	4 083	1 963	710	4 069	120	1 675	1 971	5 079	11 038	36 908
				1 199							2 740		2 740
													1 199
	-49 809												-49 809
	3 378	2 760	5 296	4 172	2 643	445	6 654		3 063	1 876	12 606	9 198	52 089
	511	377	802	632	400	67	978		434	284	1 909	1 393	7 788
	630	4 331	662	1 246	454	196	2 200	740	2 659	2 222	5 507	13 235	34 082
								435				2 662	3 097
												686	686
				175							117		292
	-31 994	22 971	26 441	39 831	18 985	6 388	41 782	2 145	19 275	20 048	62 067	114 973	342 912

## Avslutning

Trass i pandemien og dei restriksjonar den medførte, har 2022 vor eit godt arbeidsår for Felles Brukarutval. Etablering av Helsefellesskapet og brukarutvalet sin medverknad i helsefellesskapet sine organ har gjeve utvalet betre innsyn i kommunehelsetenesta og i samarbeidet mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Deltaking i Helsefellesskapet har skapt eit nytt innhald i brukarutvalet si rolle som Felles brukarutval.

I år hadde brukarutvalet eit felles møte med kommunehelsetenesta i Kinn kommune. I 2021 vart det halde eit liknande møte med kommunane i Sogn. Det vart eit nyttige møte for utvalet og ein vonar med dette å ha skapt ein praksis i utvalet med årlege møte med einsskilte kommunar.

## Oversikt brukarrepresentasjon i ulike prosjekt, råd og utval i driftsåret 2022:

Råd, utval og prosjekt	Brukarrepresentant	Vara
Alle møter og Helix-styringsgruppe	Jan Tore Odd	Marita Aarvik
Arb.gr.førebygging av sjølv mord	Gro Indrebø	
Arb.gr. Utanomhus	Liv S. Krognnes	Eiliv Berdal
Arbeidsutval – Erfaringsråd Psykisk helsevern	Eystein Udberg	
Avd.råd – psyk.klinikk	Utsett	
Ernæringsutval	Marita Aarvik	Solfrid Fossberg
Helseatlas psykisk helse og rus	Eystein Udberg	
Klinikkråd PHV	Ruth Berit Garfors Gro Indrebø	
Klinisk Etisk Komite	Magne Sellevold	Lene Grønsberg
Kvalitetskonferansen	Jan Tore Odd	
Kvalitetsutvalet	Jan Tore Odd	
Legevaktspiloten	Marita Aarvik	
Leiarforum for brukarutval i Helse Vest	Eiliv Berdal	
Matpanelet	Solfrid Fossberg	Øystein Rynningen
Møteplassen	Frida Galaasen Magne Sellevold	
Nordfjord Psykiatrisenter	<i>Eva Marie Pleym-LPP</i>	
Observatør til styret – tale og forslagsrett	Eiliv Berdal	Marita Aarvik
Ressurssjukepleiarnettverk lindrande behandling	Synnøve Solhaugen Engen	
Samarbeidsmøte Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Helse Førde	Øystein Rynningen	
Samhandlingsforum for akutt medisinsk kjede	Solfrid Fossberg	
Samhandlingskonferansen	Synnøve S. Engen	
Styringsgruppe Fagnettverk eldremedisin/eldreomsorg	Synnøve S. Engen	
Styringsgruppe Pasientens helseteneste	Marita Årvik	Eiliv Berdal
Styringsgruppe Nye Førde Sjukehus	Marita Årvik	Eiliv Berdal
Styringsgruppe for tematiske forskingsatsingar i Helse Førde	Liv S. Krognnes	

USHT (Utviklingscenter for sjukeheim og heimetjenester i Sogn og Fj) sitt fag-og samarbeidsråd	Kristoffer Skjolden	
VR-Virtuell realitet som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagpasienter med motoriske funksjonsutfall	Ann-Mari Søreide	
Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering	Arne Hovland	
Vurderingsråd/jury kvalitetspris i HF	Jan Tore Odd	
Prosjektgruppa for Legemiddelhandtering i Helse Førde	Magne Sellevold	
Helse/Arbeid – Etablering av lokal samarbeidsgruppe	Arne Hovland	
Sengepost og pasienthotell	Arne Hovland	
Kvinne – barn prosjektet	Cindy Litlabø	
Utvida prosjektgruppe Livabygget	Liv S. Krognest	
Kontaktperson fysisk og virtuelt møterom lærings- og mestringssenteret	Arne Hovland	
Synsrehabilitering etter hjerneslag	Michael Milde	
Utsmykking i Livabygget	Liv Krognest	
Poliklinikkar og dagbehandling i Nye Førde Sjukehus	Arne Hovland	
VR Workshop med rehab.teamet	Michael Minde Anne Marie Søreide	
Sogn psykiatrisenter	Jøran Mossestad Tove Ness	
God start NSH	Synnøve Berg Svarstad	
Operasjon, anestesi, dagkirurgi og overvaking i LIVA-bygget plan 2 + Intensivprosjektet	Magne Sellevold og Stein Erik Øvrebø	
Akuttmedisinsk samhandlingsforum	Magne Sellevold	
Partnerskapsmøte	Eiliv Berdal	
Strategisk samarbeidsutval	Eiliv Berdal Gro Indrebø	
Fagleg samarbeidsutval	Eiliv Berdal Liv Stenbakk Krognest	
Vidareutvikling av spesialisthelsetilbodet i Nordfjord	Eiliv Berdal	Marita Aarvik
Kommunedirektørutvalet i Sogn og Fjordane - KS	Eiliv Berdal	
Helse- og omsorgsutvalet i Sogn og Fjordane - KS	Eiliv Berdal	
Avdelingsråd psykiatrisk klinikk Førde	Ruth Berit Garfors Eystein Udberg	
Fagdagar psykisk helsevern	Ruth Berit Garfors	
Kliniske studiar kreftforskning	Magne Sellevold	Okt 2023
Elektronisk individuell plan	Gro Indrebø	
Heimesjukehus barn og unge	Lene Grønsberg	
Brukarrepresentant inn i kliniske studier	Magne Sellevold	
Arbeidsgruppe operasjon og intensiv	Magne Seljevold og Stein Erik Øvrebø	
Koordinatorar i spesialisthelsetenesta	Marita Aarvik	Eiliv Berdal
Forbetringsarbeid: VR (virtuell realitet) i palliasjon- som lindring og meiningsfull aktivitet	Magne Sellevold	
Kontor og fellestenester	Arne Hovland	
Digitale helsetjenester PHV	Harald Ekroll	
«Utviding av Tronvik»	Eystein Udberg	
«Felles tilvisingsmottak».	Liv Stenbakk Krognest	
Medlem i lokal prosjektgruppe «Norse»	Ruth Berit Garfors	